



Atle Hevrøy  
Maurhaugen 20  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/106 - 18/12732

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
30.04.2018

## Avslag på søknad om dispensasjon for flytebrygge - gbnr 117/28 Rosnes

**Administrativt vedtak. Saknr:** 180/18

**Tiltakshavar:** Atle Hevrøy

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealbruken i sjø og bygggeforbodet i strandsona for etablering av flytebrygge 2m x 6m pluss landgang framfor eksisterande naust med kai.

Det vert elles vist til søknad motteken 10.01.2018.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.01.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato pluss 4 veker tillegg for ekstern høyring, slik at fristen er 02.05.2018.

### Planstatus

Etter kommuneplanen av 2011, er arealbruken på land *Landbruks- natur og friluftsområde (LNF)*. Arealbruken i sjø framfor naustet er *bruk og vern av sjø med tilhøyrande strandsona*.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealbruken i sjø og bygggeforbodet i strandsona. Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving: Å gjera det lettare å komma i båt for seg og familien.

### Uttale frå anna styresmakt

Søknaden er sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Bergen og omland havnevesen.

**Bergen og omland havnevesen** er positive til søknaden.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 10.01.2018.

## **VURDERING:**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Forvaltningspraksis i kommunen er at vi er restriktive i forhold til å gje dispensasjon for flytebrgger for ein enkelt eigedom. Trongen for slike anlegg bør løysast med fellesanlegg for fleire eigedommar

### **Fordelar:**

- Tiltaket vil medføra at brukaren sin tilkomst med båt, fortøying av båt og ombord/ilandstiging vert gjort enklare og tryggare.
- Tiltaket i seg sjølv vil ikkje hindra allmenn ferdsel på land eller sjø; det har hamnestyresmaktene stadfesta i sin uttale

### **Ulemper:**

- Tiltaket er i strid med kommuneplanen
- Tiltaket er i strid med byggeforbodet i strandsona
- Tiltaket fører til ei ytterlegare nedbygging av sjøområdet
- Tiltaket kan medføra auka privatisering av sjøområdet

### **Konklusjon:**

Administrasjonen meiner at godkjenning av søknaden fører til vesentlege ulemper sidan tiltaket framstår som eit nytt og truleg privatiserande element i sjøområdet. Vert det gjeve løyve i denne saka, kan det skapa uheldig presedens for framtidig handsaming av dispensasjonssøknader. Administrasjonen konkluderer difor etter ei samla vurdering med at omsyna bak byggeforbodet vert sett vesentleg til side og at vilkåret for å gje dispensasjon ikkje er oppfylt, jf. kravet i plan- og bygningslova § 19-2.

**VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel, jf. pbl § 11-6 og byggeforbodet i strandsona i pbl § 1-8 for etablering av flytebrygge.**

**Grunngjeving for vedtakt går fram av saksutgreiinga.**

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/106.

Lenke til saka i kommunen sitt innsyn:

[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2018000106&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018000106&)

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Atle Hevrøy

Maurhaugen 20 5281

VALESTRANDSFOSSEN